



## Innkalling av Valstyret

**Møtedato:** 09.03.2021  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/2021	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2021	Godkjenning av møteprotokoll
003/2021	Orienteringssaker
004/2021	Delegering av mynde frå Valstyret
005/2021	Stortingsvalet 2021 - Valkrinsar - Elektronisk avvstemming
006/2021	Utlekking av manntal til offentleg ettersyn
007/2021	Førehandsrøysting Stortingsvalet 2021
008/2021	Tid og stad for røysting på valtinget
009/2021	Val av røystestyre for 2021 - 2023

1. mars 2021

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/61

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/61

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/61

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
004/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

## Delegering av mynde frå Valstyret

### Forslag til vedtak:

Valstyret gjev leiar og sekretær fullmakt til å handle på vegne av valstyret i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 3 medlemmer som kan ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

### Medlemmer i arbeidsutvalet:

Leiar i valstyret

2 medlemmer som valstyret peiker ut

### Medlemmer i arbeidsutvalet:

Kjetil Eikefet, leiar  
Kristin Nåmdal  
Ann-Jorunn Farestveit

## Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr.4 har valstyret høve til å deleger avgjerdsrett i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen (rådmannen). Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

I Modalen kommune er valstyret personidentisk med formannskapet, og møta i valstyret vert som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere formålstenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i «type av saker som ikkje er av prinsipiell betydning». Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsrett i saker som

må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren ved vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfelle er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal, leggje ut til allment ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klager, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande.

Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsrett som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg, om tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast og forkasting av røyster.

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
005/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

## Stortingsvalet 2021 - Valkrinsar - Elektronisk avvstemming

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Før Stortingsvalet 2021 skal kommunestyret avgjera kor mange valkrinsar ein skal ha i kommunen, jfr. Vallova § 9-3. Folkeregistermyndet skal vera orientert om endringar i røystekrinsinndeling innan 31. mars i valåret. Modalen kommune har hatt 2 valkrinsar.

Nokre praktiske rutinar i høve avvikling av val har blitt endra dei siste åra, bl.a. tydelegare krav til universell utforming av vallokale og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

#### Vurdering

Det er om lag 300 røysteføre innbyggjarar i Modalen kommune.

Utifrå tal røysteføre er behovet for 2 valkrinsar soleis ikkje naudsynleg, men avstand og dårleg intern offentleg kommunikasjon veg imot. For å effektivisera arbeidet med avvikling av val, kan reduksjon av tal krinsar vera positivt. Det vil bli ferre personar involvert i røystestyra og ferre vallokale å administrera. Kommunen har i dag sentral samla teljing. Modalen kommune er opptatt av å ha høg valdeltaking, og ved samanslåing av kretsar kan ein risikera at detakinga går ned.

Modalen kommune har innført elektronisk avkryssing på valdagen. Dette letta arbeidet monaleg for røystestyra og administrasjonen på valdagen, og redusera feilkjelder ved kryssing i manntalet.

Modalen kommune har hatt elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsrøysting, og har gode røynsler med dette.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er det ein føresetnad med stabil nett tilgang i vallokalet, og ein må ha nokre pc`ar disponible for valfunksjonærane.

Det vil framleis vera høve å førehandsrøysta før valet.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at ein vidarefører å ha to røystekrinsar, og at ein legg til rette for opplæring og bruk av ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.



# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
006/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

## Utlegging av manntal til offentlig ettersyn

### Forslag til vedtak:

Manntalet skal leggjast ut til offentlig ettersyn på følgjande stader:

**Kundetorget i kommunehuset**

**Coop Mo**

**Coop Øvre Helland**

**Biblioteket**

**Modalstunet**

### Saksopplysningar:

Etter vallova § 2-6 (1) skal valstyret leggja manntalet ut til offentlig ettersyn så snart det let seg gjera. Manntalet vert lagt ut så snart som mogeleg.

Manntalet skal liggja ute til og med valdagen.

Det er informasjon frå folkeregisteret som ligg til grunn for manntallet. Der veljaren er manntallsført og har røysterett er derfor avhengig av i kva kommune vedkommende er folkeregistrert busett per 30. juni kvart valår. Dette vert kalla skjæringsdato. Dersom ein veljar melder flytting til en anna kommune etter 30. juni i valåret, har vedkommande røysterett i sin gamle bukommune. Ved flytting før 30. juni i valåret vil vedkommande ha røysterett i sin nye bukommune.

Det er den datoen folkeregisteret mottar melding om flytting som er avgjerande, ikkje den faktiske flyttedatoen.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE-011	21/26

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

### Førehandsrøysting Stortingsvalet 2021

#### Forslag til vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kundetorget frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope for førehandsrøysting laurdag 04.09.21 frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen valt: Anneli V. Lilletvedt, Aina H. Norvoll, Eva Stamnes,

Ove Sæbø, Njål Eidsnes, Kjell Langeland, Magne Verpelstad, Sissel Hindenes, Jo Tømmerbakke og Tone S. Skuggevik.

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret

#### Saksopplysningar:

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august. I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få avgje røyst frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga startar 10. august.

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til

valstyret førehandsrøyste der dei held til (ambulerande røysting).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar. Likeeins må tidspunktet for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over søknadane.

Veljaren er sjølv ansvarleg for å avgje førehandsrøyster på et tidspunkt som gjer at førehandsrøystinga kjem inn til valgstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen.

## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
008/2021	Valstyret	PS	09.03.2021

**Tid og stad for røysting på valtinget**  
**Stortingsval 13.09.2021**

**Forslag til vedtak:**

**Røystinga vert gjennomført slik:**

<b>Krinsnamn</b>	<b>Røystestad</b>	<b>Røystetid</b>
<b>Mo</b>	<b>Bryggjeslottet på Mo</b>	<b>12.00 – 18.00</b>
<b>Øvre Helland</b>	<b>Samfunnshuset</b>	<b>12.00 – 18.00</b>

**Saksopplysningar:**

Føresegner om opningstida/røystetida står i vallova § 9-3 (2). Valstyret fastset opningstidene.

Vallova inneheld ikkje reglar som regulerer røystetida, men røystegjevinga mandag må ikkje føregå seinare enn kl. 21.00.

Når valstyret skal fastsetja tid for røystinga, skal det leggjast vekt på omsynet til veljarane, at dei får rimeleg tid til å røyste.

Det er ikkje føreslått endringar i opningstidene i høve til siste val. Lokale tilhøve tilseier at det ikkje har vore naudsynt at krinsar er opne etter kl 18.00.

Valstyret må ta omsyn til mellom anna rørslehemma veljarar når dei avgjer kva lokale det skal haldast valting i. Røystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege, og der alle veljarane kan ta seg inn utan å be om hjelp. Kravet til tilgjenge gjeld for alle vallokala i kommunen.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2021	Valstyret	PS	09.03.2021
	Kommunestyret	PS	

### Val av røystestyre for 2021 - 2023

#### Forslag til vedtak:

Medlemmer til røystestyre, Øvre Helland 2021 - 2023

Medlem: Siv Aina Gullbrå

Medlem: Vidar Reknes

Medlem: Aud Sonja Fjellanger

Leiar.... Nestleiar....

### Medlemmer til røystestyre. Mo 2021 - 2023

Medlem: Jarle Midtun

Medlem: Terje Øvre Helland

Medlem: Rannveig Irene Eir Vold

Leiar..... nestleiar.....

## Saksopplysningar:

Det skal vera eit røystestyre med minst 3 medlemmer som administrera stemmegivinga på kvar røystestad. Medlemmene i røystestyret vil etter kommunelova vere folkevalde, og reglane i kommunelova om rettar og pliktar for folkevalde gjeld for medlemmane. Kommunestyret fastset kor mange medlemmer det skal vera i røystestyra.

Røystestyret kan setjast saman av kommunalt tilsette og/ eller politikarar. Dersom ein vel politikarar, bør ein syte for ei samansetjing med representantar frå fleire parti. Ein kan og velje personar som ikkje er politikarar, så lenge dei er folkeregisterført som busette i kommunen. Kommunestyret vel medlemmer til røystestyra og leiarar/nestleiar. Val av røystestyret kan delegerast til valstyret.

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Det blir tilgang på 2 stk. PC'ar til bruk i vallokala.